



Fylkesmannen i Hordaland  
Pb 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1614 - 14/19610

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
01.09.2014

## Dispensasjonssak på høyring - etablering av veg i LNF-område - gbnr 193/2 m fl. Mundal øvre.

### Sakasutgreiing

Saka gjeld søknad om etablering av veg over gbnr 193/2 og fram til hytteeigedomane gbnr 193/9 og gbnr 193/15. Vegen er om lag 200 m. Det skal etablerast parkeringplass inne på den enkelte hyttetomt. Hytteeigedomane er sikra rett til køyreveg fram til eigedomane gjennom rettkraftig dom frå jordskifteretten.

Det ligg føre merknader til tiltaket frå eigar av gbnr 193/2 som er representert ved Advokatfirmaet Harris. Søknaden med vedlegg følgjer vedlagt.

Gbnr 193/2 er ein liten landbrukseigedom. Kartet syner at eigdommen har 3,0da overflatedyrka jord og 5,4da innmarksbeite. Det er 14,9da skog av særst høg og høg bonitet, 2,2da annen jorddekt fastmark og 0,4da tun. Samla areal er 25,9da. Eigdommen er såleis så liten at det ikkje er naudsynt med konsesjon ved ope sal. Styresmaktene kan ikkje krevje buplikt og eigdommen kan ikkje odlast.

Det er ført fram god ny gardsveg, driftsbygningen er oppgradert. Eigdommen er i drift – eigaren tek i mot hest for trening og rehabilitering. Sjå elles vedlagte landbruksfaglege uttale.

Tiltaket krev løyve til omdisponering etter § 9 i jordlova.

### Planstatus

Eigedomen ligg i område som i kommuneplanen er avsett til LNF-føremål med særskild omsynssone landbruk. Omsøkte tiltak er avhengig av dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for å kunne godkjennast.

### Frist

Vi ber om uttale i saka.

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Kommunen si vurdering av søknaden vil vera avhengig av mottatte uttalar.



Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om løyve til tiltak - gbnr 193/2, 9, 15 Mundal Øvre - Oppgradering av veg

Søknad om dispensasjon

Opplysningar om tiltakets ytre rammer

Nabovarsel

Søknad om ansvarsrett

Gjennomføringsplan

Profilteikning

Kopi av fullmakt og rettsbok mm

Vegplan -vedlegg D

Søknad om dispensasjon

Gbnr 1932 Landbruksfagelg uttale i samband med søknad om bygging av veg til eldre hytter.

**Kopi til:**

Advokatfirmaet Harris DA

Postboks 4115 5835

BERGEN

Sandviken

Arkoconsult AS

Postboks 103 5291

VALESTRANDSFOSSEN

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland

Pb 7310 5020

BERGEN

Hordaland Fylkeskommune

Pb 7900 5020

BERGEN